

Referat frå årsmøtet i I.L. Skarphedin tirsdag 27.04.99, kl 18.00 på Sandvoll.

Til stades: Bente Drtina, Åse Egeland, Hans Holte, Arne Gunnar Tollehaugen, Torstein Foynd Heldal, Magen Gaara, Einar Forberg, Hans Aarak, Ingvald Øya, Jørgen Verpe, Ingunn Norheim, Hans Ivar Streitlien, Gunnar Stenstad, Geir Tore Soterud, Ivar Tjønntveit, Lisbeth Skjelbred, Magne Sanden, Arve Egenæs, Karl Åge Liland, Gunnar Lindalen, Andres Tollehaugen, Rolf Novsett, Bjørn Orskaug, Bjørn Furnes, Jostein Fylkesnes, Bente Mæland, Arne Kielland (Bø Blad), Lars Jøran Sundsdal (Varden).

1. OPNING

Leder Jostein Fylkesnes ønskte velkommen til årsmøtet.

2. GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Fullstendig saksliste låg ikkje føre ei veke før årsmøtet slik vedtektene §9 seier. Fylkesnes beklaga dette. **Ingen merknader kom fram og innkalling og saksliste blei deretter godkjent.**

3. KONSTITUERING

Som ordstyrar blei vald Jostein Fylkesnes.

Som sekretær blei vald Bente Mæland.

Til å underskrive protokollen blei vald Magen Gaara og Bente Drtina.

4. ÅRSMELDING FOR HOVUDSTYRET 1998

Årsmeldinga for 1998 blei lese opp av sekretæren. Jostein Fylkesnes hadde utfyllande kommentarar til enkelte punkt. Bl.a. organisasjonskontor, "Skarphedin-posten" i Radio Midt-Telemark og juniorstyret i handballgruppa. Nærings sjef Åse Egeland fekk overrekt rapporten om behovet for eit felles organisasjonskontor.

Ingen andre merknader kom fram og årsmelding for 1998 blei einstemmig godkjent.

5. ØKONOMI

Kasserar Bjørn Furnes gjennomgjekk rekneskapstala for 1998 sett i forhold til budsjettet for 1997. Deretter rekneskapet til barneidretten og bingo. Til slutt blei konsolidera rekneskap gjennomgått.

Ingen hadde merknader til rekneskapet og det blei deretter samrøystes godkjent.

Rekneskapsoversikt for I.L. Skarphedin blei tatt til etterretning.

Honorar til revisor rekna ein med ville kome på ca.20 000,- sjølv om sluttavrekninga endå ikkje var mottatt.

Forslag til vedtak:

- Honorar til revisor blir utbetalt i henhold til innsendt rekning.

Revisor sitt honorar blei godkjent einstemmig.

Revisor og kontrollnemnda sin rapport blei gjennomgått. Ingvald Øya opplyste at kontrollnemnda i 1999 vil sjå nærare på rekneskapet til særgruppene. Revisor har merknader som går igjen år etter år, og ein vil derfor sjå på rutinene for å luke vekk små feil.

Revisor og kontrollnemnda sin rapport blei tatt til etterretning.

Det låg og føre eit forslag til årsmøtet at ein godkjenner, at ein av personane som disponerer kontoen kan foreta utbetalingar under kr 15 000,-.

Forslaget blei godkjent samrøystes.

6. KONTINGENT FOR 1999

Medlemskontingent kr 100,- blir foreslått uendra, men at familiemedlemskap blir sett ned frå kr 500,- til kr 300,-

Einstemmig vedtatt.

7. BUDSJETT FOR HOVUDSTYRET 1999

Kasseraren la fram budsjettet for hovudstyret der blant anna utgifter til idrettskulen er ført opp med kr 95 000.-. Det kom ikkje fram noen merknader til budsjettet.

Einstemmig vedtatt.

8. ÅRSMELDING, REKNESKAP OG BUDSJETT FOR SÆRGRUPPENE 1998

Det kom ingen merknader til det som var lagt fram.

Alle årsmeldingar, rekneskap og budsjett blei godkjent, men med ein tilføyning til fotballgruppa sitt budsjett. Det godkjennast under forutsetning at det vil bli endringar dersom sak 10 blir realisera.

9. UNGDOMSIDRETT

Jostein Fylkesnes gjorde greie for FUNI-prosjektet (Fleire Ungdom i Norsk Idrett). Ein ynskjer å få til ei fast organisering av ungdomsidretten. Ein vil prøve å nå ungdom frå 14-15 års alder, som har vore aktive tidlegare, men som føler at den særvidretten ein har drive krev for mykje tid, og at ein og kan få moglegheit til å prøve andre idrettar. I tillegg ynskjer ein å få med ungdommar som ikkje tidlegare har vore med i organisera idrett.

Ungdomsidretten vil bli ein parallell til idrettskulen. Olav Finstad vil bli hovudstyret sin representant i det vidare arbeidet.

Forslag til vedtak:

- FUNI-prosjektet i Bø blir forankra i I.L. Skarphedin frå 01.01.2000 og videreført av hovudstyret.
- I.L. Skarphedin skal prøve å tilby ungdommar hjelp til å drive aktivitetar som dei ynskjer og som er nye. Ein skal samtidig prøve å skaffe anleggsmidlar.
- Hovudstyret oppnemner to personar som får dette som arbeidsområde. Oppnemninga gjeld for kvart skuleår (01.08 –31.07). Desse to vil så knytte til seg andre ungdommar etter behov og ynskje. Dei dannar saman I.L. Skarphedin ungdomskomite. Denne komiteen er rådgjevande for hovudstyret.

Forslaget blei godkjent einstemmig.

10. DRIFT AV TELEMARSHALLEN

Jostein Fylkesnes gjorde greie for bakgrunnen for at saka hadde kom opp. Som hovudaksjonær vil I.L. Skarphedin og fotballgruppa vera med å ta eit ansvar for at hallen skal vera sikra idrettsleg aktivitet, og at idretten i Bø skal ha levelege vilkår i framtida. Fotballgruppa sitt driftsbudsjett meiner ein er nøkternt, og ein har derfor tru på opplegget som fotballgruppa har lagt fram.

Magne Sanden hadde utfyllande kommentarar. Han gjorde greie for risikoen i prosjektet, gjennomgjekk eventuelle inntekter og utgifter. Han presisera at drifta ikkje skal basere seg på dugnadsarbeid. Det er i fyrste omgang snakk om leige for eit år frå 01.10.99, med rett til opsjon.

Det blei ein interessant, lang og konstruktiv debatt. Enkelte særgrupper gav uttrykk for ein naturleg skepsis, men ved saklege spørsmål fekk ein grundig belyst saka. Magne Sanden og

Karl Åge Liland presisera at fotballgruppa ikkje er interessert i å ta unødvendige sjansar og at ei endeleg framforhandla avtale skal godkjennast av hovudstyret, der alle særgruppene har stemmerett.

Det blei spørsmål om kven som skulle sitte i forhandlingsutvalet og Magne Sande opplyste at dette var han sjølv frå fotballgruppa, Arve Egenæs, Brynjulf Eika og hovudstyret sin leder Jostein Fylkesnes.

Årsmøtet gav sin tilslutning til at ein kunne gå vidare med saka, men at informasjonen til særgruppene må bli betre (enn den var før årsmøtet) når tingingane er slutførte. Dersom ein er i tvil må det bli eit ekstraordinært årsmøte.

Forslag til vedtak:

- Ein godkjenner at fotballgruppa får tinge med styret i Telemarkshallen om leige av hallen for eitt år frå 01.10.99, men ein føresetnad er, at hovudstyret skal godkjenne ei endeleg avtale før ein skriv under. Er ein i tvil skal det kallast inn til ekstraordinært årsmøte.

Vedtaket blei samrøystes godkjent.

11. NY PRAKSIS – VALNEMND

Det har i fleire år vore vanskeleg å få fylt opp plassane i hovudstyret, særleg er det leiarvervet som er vanskeleg. Fleire gonger har det kome forslag på at arbeidet i valnemnda bør gå på omgang mellom særgruppene. På ekstraordinært årsmøte i okt.98 fekk handballgruppa, som ei prøveordning, oppdraget for årsmøtet 1999.

Forslag til vedtak:

- Valnemndsarbeidet i I.L. Skarphedin går på omgang mellom særgruppene.
- Paragraf 12, punkt 7e i I.L. Skarphedin sine vedtekter av 02.12.93 blir endra frå "tre medlemmer med ein varamedlem" til "ei eller fleire særgrupper skal utføre arbeidet som valnemnd for neste årsmøte".
- Ein forutsetning for vedtaket kan tre i kraft, er at lovendinga blir godkjent av styret i TIK.

Vedtaket blei samrøystes godkjent.

12. VAL

Magne Gaara la fram valnemnda sitt forslag til val og dette blei einstemmig vedtatt.

- | | | | |
|---------------|--------------------|--------------|-------|
| • Leder | Jostein Fylkesnes | gj.val | (1år) |
| • Nestleder | Olav Finstad | " | (2år) |
| • Sekretær | Bente Mæland | " | (2år) |
| • Kasserar | Bjørn Furnes | ikkje på val | |
| • Styremedlem | Herbjørn Steinsvik | ikkje på val | |
| • Varamedlem | Lisbeth Skjelbred | ny | (1år) |

- | | | | |
|-----------------|---------------|--------|-------|
| • Kontrollnemnd | Ingvald Øya | gj.val | (1år) |
| • | Gunleik Bakke | " | (1år) |

- | | | | |
|------------------|---------------|---|-------|
| • Sandvollstyret | Hans K. Verpe | " | (1år) |
|------------------|---------------|---|-------|

- I henhold til sak 11 og under forutsetning av idrettsstyret si godkjenning blei fotballgruppa vald til valnemnd.
- Hovudstyret fekk årsmøtet si godkjenning til å peke ut utsendingar til årsmøter og generalforsamlingar.

På årsmøtet fekk Hans Holte, sølvvinnar i Mastertårnstup, overrekt blomar og gratulasjonar frå hovudstyret. Øyvind Nordbø, bronsevinnar i NM 99, var ikkje til stades og leder i symjegruppa Bente Drtina tok i mot på hans vegne. Magne Sanden fekk blomsterhelsing for lang og tro teneste som leder i fotballgruppa, og gratulasjonar for A-laget sin historiske plass i 2.divisjon. Blomsterhelsing blei det og til "Kån på Vippe" ved Karl Åge Liland for sitt engasjement for fotballen. Til slutt fekk Bjørn Furnes gode ord for sin jobb som kasserar og eit klippkort til symjehallen i Gullbring.

Møtet blei avslutta kl. 21.15.



Bente Drtina



Magne Gaara

Informasjonsmøte vedr. refinansiering av Telemarkshallen 18.05.99, kl. 17.00.

Til møtet var styret i fotballgruppa innkalla. Her møtte Karl Åge Liland, Torgeir Særsland, Torstein Heldal og Birger Risnes og Magne Sanden. Frå arbeidsutvalet møtte Jostein, Lisbet, Olav, Bjørn og Bente. Johannes Forberg møtte som konsulent for prosjektgruppa. Brynjulf Eika møtte frå forhandlingsutvalet.

Jostein starta med å orientere om "pakka" for refinansiering av Telemarkshallen.

1. Formålet
2. Forutsetningane
3. Tiltak frå styret og aksjonærane i Telemarkshallen
4. Nedskriving av aksjane med 85%
5. Driftsgaranti frå Bø Kommune

Johannes Forberg som har vore med i prosjektgruppa for garantistane gjorde greie for bakgrunnen for at arbeidet hadde kome i gang. Han sa blant anna at det var stor velvilje frå dei partane han representera for å få til ei løysing for vidare drift av hallen.

Fleire av møtedeltakerane var skeptiske til at I.L. Skarphedin sin aksjar skulle reduserast frå 40% til ca.8%. Ein var redd for å miste sin posisjon og at idretten skulle bli skvisa ut. Det var og stor skepsis til at Bø Kommune skulle vera så dominerande eigar.

Før neste hovudstyremøte vil ein rette ein henvendelse til Bø Sparebank om banken kan vera villig til å overdra sine aksjar til idrettslaget.